

## Notat

**Til:** Fylkesutvalet, møte 23.april 2019

**Frå:** Fylkesrådmannen

### Arbeidet med mineralråd

Naustdal kommune ved rådmann Øyvind Bang-Olsen og kommunalsjef Ørjan Stubhaug har teke kontakt for å følgje opp mineralstrategien som FU handsama som høyringssak 7. mars 2018.

Vedtaket til fylkesutvalet i sak 23/18 var som følgjer:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støtter opp om målsettingane og tiltaka som ligg i mineralstrategien frå Naustdal og Askvoll.
2. Mineralstrategien sine målsettingar innan mineralretta næringsutvikling vert å vurdere i samband med rullering av regional plan for verdiskaping.
3. Målsetningane innan samferdsle og infrastruktur vert å vurdere i samband med revisjon av Regional transportplan.
4. Fylkeskommunen vurderer å engasjere seg i samband med møteplassar og nettverk innan mineralretta næringsutvikling. Om mineralnæringa og kommunar tek initiativ til å lage eit mineralråd for Sogn og Fjordane, bør Sogn og Fjordane fylkeskommune vere deltakar i dette.
5. Fylkeskommunen peikar på viktigheita av å bruke ein mineralstrategi og eit mogleg mineralråd til å styrke utviklingsarbeid knytt til bruk av deponimassar.

I pkt. 4 går det fram at vi bør vere deltakar i eit mineralråd om næring og kommunar tek initiativ.

Naustdal kommune er på vegner av Askvoll og Naustdal kommunar interesserte i å finne ein veg for å kunne arbeide vidare med mineralstrategien gjennom eit mineralråd.

### Mineralnæringa

Utvinninga av naturressursar, i dette tilfellet mineral, vil alltid ha eit potensial for konflikt i seg. På den eine sida ynskjer vi å skjermje naturen for inngrep, på den andre sida har industrien trong for mineralressursar, jf. t.d. gjennom EU-partnarskapen «S3 plattform for Industrial modernisation: **“Advanced materials for batteries for electro-mobility and stationary energy storage”**». Vi er representert i denne partnarskapen via Hordaland fylkeskommune, og siktemålet er at Vestland fylkeskommune følgjer opp dette frå 1. januar 2020.

Sjølv om dei nemnde kommunane er interesserte først og fremst med utgangspunkt i Nordic Mining sitt prosjekt i Engebø/Naustdal, vil det kunne vere også andre utvinningspunkt for ulike mineralar i nye Vestland fylke. Detaljar om dette blir ikkje teke med i dette notatet. Fylkeskommunen må difor ha eit aktivt forhold til næringa, både som planstyresmakt, vassregionstyresmakt og som samfunnsutviklar og leiar for næringsutviklinga i fylket.

### Mineralstrategi og mineralråd

Mineralstrategien for Askvoll og Naustdal vart vedteken i kommunestyra i november/desember 2017, og lagt ut på høyring i desember 2017 med frist 15. februar. FU handsama strategien etter utsett frist 7. mars 2018, med det refererte vedtaket.

Det er ei målsetting i strategien å utarbeide mandat og etablere mineralråd «i fylket».

**Konklusjon**

Det er naturleg for fylkeskommunen å følgje opp om og når eit initiativ om skiping vert teke, men fylkesrådmannen er av den oppfatning at ei slik etablering må leggast fram for styrande organ i det nye fylket etter 1. januar 2020.